

Naust eller fritidsbygg?

07.07.2010

Magne Huglen har søkt kommunen om fornying av løyve til bygging av eit naust som vart godkjent i 1996. Han ønskjer å riva det gamle naustet sitt i Beinavikjo.

Etter lova er løyvet utgått når tiltaket ikkje er igongsett seinast 3 år etter løyve er gjeve.



[Dette er naustet i Beinavikjo som Magne Huglen vil erstatta med eitt nytt. \(Foto: Ola Matti Mathisen\)](#)

Saksbehandlar Jon Harald Kjærland skriv i svaret sitt at den nasjonale strandsonepolitikken er skjerpa slik at det er laga langt sterkare føringar om planleggjing og forvaltning av strandsona.

Huglen kan pårekna å få løyve til naust av ein storleik som er beskrive i en rettleiar som det blir vist til.

Ved trong for større naustbygg vert det bede om grunngjeving og ein ser litt på kva bebyggelsen elles i naustområdet består av.

Naustet Huglen fekk løyve til i 1996 vil no bli vurdert til fritidsbygg på grunn av storleik, volum, møne- og gesimshøgde og store glasflater. Slike bygg stettar ikkje begrepet naust og vert ikkje tilrådd i naustområder.

Kjærland skriv at det i seinare år har vorte ei klar skjerping av naust si utforming og visuelle kvalitetar slik at naust ikkje skal kunne forvekslast med fritidsbygg og ha avvisande effekt for allmenn ferdsel i stranda.

Av Ola Matti Mathisen